



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Vestlandet - eit fleirkulturelt samfunn!

**Tema i 2008:
Nytt samfunn - Nye mulegheiter
Kva utfordringar gir dette?**

*Ver med og ta ansvar for
at personar med ulik etnisk bakgrunn kan ta del i eit
inkluderande samfunn bygd på respekt og likeverd!*

*Arbeider du med arbeidsmarknadsspørsmål, er du dommar i
forliksrådet eller tingretten, arbeider du i offentleg eller privat
verksemd og ikkje minst er du politisk interessert og aktiv?*

Eller er du ganske enkelt engasjert i kva samfunn vi vil ha?

Då er Vestlandskonferansen møteplassen for deg!

Vel møtt på:

**Hotell Norge, Bergen
11. november 2008**

Hordaland fylkeskommune i regi av "Hordalandsmodellen" innbyr til ny konferanse i 2008:

Nytt samfunn - Nye mulegheiter Kva utfordringar gir dette?

I den 7. konferansen i rekkja om det fleirkulturelle Vestlandet tek vi opp fleire aktuelle problemstillingar som er viktige for flyktningar og asylsøkjjarar ved busetting i eit nytt samfunn. På fleire område endrar lov og regelverk seg. Korleis fungerer dette i praksis?

Vi tek opp NAV-reforma, ei av dei største reformene i nyare tid og som er avgjerande for livskvaliteten for mange menneske. Reforma er i startfasen og det er viktig korleis den verkar i praksis. Kva er føremålet, politikken og målsettinga? Korleis er den organisert, og korleis skal ein nå målsettinga? Korleis opplever vi som brukarar reforma og endringane i kvardagen? Kva er viktig for meg i eit nytt og framandt samfunn?

Til denne delen har vi fått med direktøren for NAV på Vestlandet, ein dagleg leiar for ei arbeidsmarknads-verksemd og ein som sjølv har kome som flyktning til Noreg.

Den sivile rettspleie i lokalsamfunnet, forliksråd og tingrett er eit anna viktig tema. Her har vi også fått ny lov og nye forskrifter. Korleis verkar systemet for t.d. flyktningar og asylsøkjjarar? Kva oppfatning har dei av rettssystemet frå sitt eige land? Området er lite kjent for mange. Vi har fleire døme på at personar skriv under kontraktar utan at dei forstår konsekvensane og dermed kjem i økonomiske vanskar. Her har vi fått med ein førelesar som kjenner systemet og konsekvensane i praksis.

Det siste emnet vi tek opp er: Korleis kan vi leva vidare i eit nytt samfunn utan at tidlegare konflikter og opplevingar følgjer med og uroar? Dreg vi konfliktane med oss til eit nytt land? Dette er vanskelege spørsmål som både krev stor eigeninnsats og hjelpeapparatet si støtte og oppfølging. På dette området har vi fått med oss generalsekretæren i Norges Røde Kors og andre som har lang erfaring med dette arbeidet.

I samband med dei ulike sekvensane vert det godt høve til spørsmål.

På konferansen stiller m.a. desse:

Kenneth Stien
Bjørn Arild Hørfindal
Abubakar Barry
Rikke Lassen
Svein Ramung
Trygve G. Nordby

Regiondirektør NAV Hordaland
Dagleg leiar av Meland Arbeidssenter
Industriarbeidar, prosjektleiar Sierra Leone
Advokat, styremedlem i Advokatforeningens Hovedstyre
Spesialist i klinisk psykologi
Generalsekretær i Norges Røde Kors

Vi har alle eit medansvar for å skapa eit inkluderande samfunn bygd på respekt og likeverd.

Kjem du?

Program

09.00: Registrering med kaffi

09.30: Opning av konferansen ved fylkesrådmann Paul M. Nilsen

Kulturelt innslag

10.00: *NAV-reforma og marginaliserte grupper:
Føremål, innhald og målsettingar*
Ved Kenneth Stien, regiondirektør NAV

Korleis opplever vi NAV som brukarar? Kva forventar vi, og kva er viktig for oss?

Ved Bjørn Arild Herfindal, dagleg leiar i Meland Arbeidssenter

Kva er viktig for meg som flyktning i eit nytt og framandt samfunn?

Ved Abubakar Barry, sosialsekr. Sierra Leone Association Hordaland

Spørsmål og kommentarar frå deltakarane

12.30: Lunsj

13.30: *Den sivile rettspleia på lokalplan, forliksråd og tingrett:
Korleis verkar den for flyktningar og innvandrarar?*
Ved Rikke Lassen, advokat

Spørsmål og kommentarar frå deltakarane

15.00: Pause med kaffi

15.15: *Nytt samfunn med nye mulegheiter?*
Innleiing ved Svein Ramung, spesialist i klinisk psykologi

Nye mulegheiter i eit nytt samfunn. Føresetnader.

Ved Trygve G. Nordby, generalsekretær i Norges Røde Kors.

16.30: Avslutning

Konferanseopplysningar:

Meld deg på innan 31. oktober

Konferansestad: Hotell Norge – Bergen

Deltakaravgift: kr. 650,- inkl. lunsj og kaffi

Deltakaravgifta vert fakturert ved motteken påmelding
Deltakarane får plass i den rekkjefylgje påmeldinga er motteken

Overnatting: Vi har avtale med følgjande hotell, enkeltrom med frukost:

Hotell Norge	kr. 1195 pr. natt	telef. 02525; ref.nr: fylkeskommunen 94379
Hotell Terminus	kr. 725 pr. natt	telef. 55 21 25 00

Dei som ønskjer overnatting, må sjølve tingje plass, vise til avtale og gjere opp for opphaldet.

BINDANDE PÅMELDING

Namn:.....	Rekning vert å senda til:
Stilling:.....	Namn:.....
Telefon:.....	Adresse:.....
Fax:.....	Post nr.....
Adresse:.....	Stad:.....
Postnr. Stad.....	Org.nr./personnr.....
E-post:.....	Id./refr. nr.....

NB! Dei som ikkje får plass på konferansen, får tilbakemelding.

Har du noko å spørje om?
Kontakt:
Tove-Bente Johnsen 55 23 91 24
Liv Tvilde Laading 55 23 91 17
Ingvald Bastesen 56 17 81 43/
90 92 74 02

Hugs påmeldingsfrist 31. okt.
E-post: tove-bente.johnsen@post.hfk.no
eller:
Fax nr. 55 23 91 39 til:
Hordaland fylkeskommune, Personalsekj.
v/ Tove-Bente Johnsen
Postboks 7900, 5020 Bergen